

**MØTEPROTOKOLL**

Utval: Formannskapet
Møtedato 12.04.2018
Møtetid: Kl. 08:00 - 14:55
Møtestad: Kommunehuset

Av 9 medlemmer møtte 9, inkludert varamedlemmer.

Medlemmer møtte:	Parti:
Øystese, Olaug Karin	A
Frøland, Knut Harald	BL
Tveit, Lena	BL
Haga, Odd Arne	FRP
Røen, Arild	H
Aasgaard, Inge	KRF
Røen, Øyvind	SP
Tjønnna, Monica	SP

Desse medlemene møtte ikkje:	Parti:	I staden møtte:	Parti:
Aadland, Nils	A	Strømmen, Øyvind	MDG

Møtenotatar:

Andre som var til stades på møtet:

- Rådmann Charlotte Hageberg
- Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge
- Rådgevar Jan Erik Boge
- Leiar i kontrollutvalet, Brigte Olav Gåsdal (under sak 010/18)
- Kyrkjeverje Britt Haukanes (under sak 010/18)

Vedlegg til møteprotokollen:

- Samnanger sokn - oversikt trong for vedlikehald og investeringar pr. april 2018
- Oppsummering etter kvalitetsdialog 11.04.2018
- E-post frå Samnanger idrettslag v/Vigleik Tysseland om ny trakkemaskin i Totræna

Møteleiar:	Frøland, Knut Harald
Møtesekretær:	Boge, Jan Erik

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 13.04.2018

Frøland, Knut Harald
ordførar

Boge, Jan Erik
rådgjevar

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
009/2018	18/271	Faste saker	
010/2018	18/267	Premissar for økonomiplan 2019-2022 og årsbudsjett 2019	
011/2018	15/356	Streaming av formannskapet sine møte	
012/2018	16/1070	Søknad om etablering og drift av offentlig toalett i Landhandleriet på Ytre-Tysse	
013/2018	18/268	Oppstart av arbeid med kommunal planstrategi for Samnanger kommune 2018-21	
014/2018	17/495	Prioritering av søknader - tilskotsordninga for lokale kulturarenaer	
015/2018	18/182	Fordeling av kulturmidlar 2018	
016/2018	09/197	Rapport om breibandstilbodet i Samnanger kommune	
017/2018	11/333	Vegtilkomst til Économusée Fjordtønna - ny handsaming	
018/2018	10/267	Krav om lovlegkontroll av formannskapet sitt vedtak i sak 008/18	

SAKNR. 009/2018: Faste saker

12.04.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Ingen merknader.

Godkjenning av protokoll frå førre møte

Ingen merknader.

Orienteringssaker

Pilitprosjekt tannlege

Ordførar Knut Harald Frøland (BI) orienterte om at han ønskjer at Samnanger skal søkja på dette pilotprosjektet, saman med nokre andre kommunar i Hordaland som han har hatt dialog med. Pilotprosjektet gjeld kommunalt tannlegekontor.

Datasenter Børdalen

Ordførar Knut Harald Frøland (BI) orienterte om status. Fylkesmannen har framleis ikkje svart/konkludert vedrørande arealplan for området.

Status for prosjekt med senter for funksjonshemma på Skottabakken

Det hadde kome inn grunngjeve spørsmål frå Framstegspartiet til formannskapsmøtet 12.04.2018, om status for prosjektet med nytt senter for funksjonshemma på Skottabakken. Ordførar Knut Harald Frøland (BI) orienterte om at det ifølgje kommunen sitt reglement berre er høve til å fremma grunngjevne spørsmål til kommunestyret, ikkje formannskapet eller andre utval. Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge orienterte likevel i formannskapet 12.04.2018 om status for prosjektet. Prosjektet er kunngjort i Doffin som totalentreprise, med atterhald om finansiering. Det kan truleg liggja an til 3-4 millonar kroner meir i kommunal kostnad enn det som opprinneleg vart stipulert for nokre år sidan.

Reguleringsplan ny veg til Hagabotnane

Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om status. Det vert i desse dagar sendt ut anbudsførespurnad til tre leverandørar. Det er sett av 500.000 kroner til dette prosjektet.

Leigeavtale fysioterapeut

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om status, mellom anna om møte mellom kommunen og fysioterapeut Geir Næss 09.04.2018. Det er framleis ikkje semje mellom kommunen og Næss om ny leigeavtale. Næss ønskjer avtale der han disponerer tre behandlingsrom ved helsetunet. Ordførar Knut Harald Frøland (BI) bad om at administrasjonen undersøker kva som fagleg sett vil vera Næss sitt behov når det gjeld tal behandlingsrom.

Tvist Rolvsvåg Industrihavn, Krekavegen og Nyutløtræ

Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om status for desse sakene. Ingen av sakene er avslutta.

"Prosjekt" utvikling av Kvamskogen

Ordførar Knut Harald Frøland (BI) orienterte om saka, som er eit initiativ frå Kvam herad som dei har invitert Samnanger til å vera med på.

Fossen Bratte-prosjektet

Ordfører Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om status for prosjektet. Blir truleg "kick-of" ved Fossen Bratte i mai. Ulike aktører er interesserte i å vera med i prosjektet.

Rassikring i Tokagjelet

Ordfører Knut Harald Frøland (Bl) orienterte. Statens Vegvesen har starta opp arbeid med ein kommunedelplan. Representantar for Samnanger har delteke på to møte om saka. Ulike alternativ blir diskutert, både tunnel under Kvamskogen (frå Steinsdalen til Frøland), tunnel frå Steinsdalen til Eikedalen og tunnel frå Steinsdalen til Røyrlia på Kvamskogen.

Budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid - prosess for avgjerd til kommunestyre

Sjå notatet frå kontrollutvalet som låg ved møteinnkallinga.

"Layout" for skjema for økonomikontroll/prognose

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om planlagt innføring av månadleg økonomirapportering til politisk nivå. Ho viste i møtet planlagt layout/oppsett for den nye økonomirapporten.

Utvalet sitt kvarter

Leigeavtale/lokalitetar for fysioterapeut

Olaug Øystese (Ap) las opp ope brev frå Samnanger Arbeiderparti til Samnanger kommune vedrørane sak om leigeavtale for privatpraktiserande fysioterapeut Geir Næss. Ho informerte om at Arbeiderpartiet ikkje har fått svar på brevet. Ho informerte om at Arbeiderpartiet ønskjer å få denne saka opp til politisk handsaming. Ordfører Knut Harald Frøland orienterte om at han har formidla til rådmannen at han ønskjer å få saka opp til politisk handsaming dersom administrasjonen ikkje lukkast med å inngå ny leigeavtale med Geir Næss. Rådmann Charlotte Hageberg beklaga at Arbeiderpartiet ikkje har fått svar på brevet, og at svar vil bli sendt så snart som mogleg.

Ønske om liste over orienteringssaker i møteinnkallingar

Øyvind Strømmen orienterte om at han ønskjer at liste over orienteringssaker blir lagt inn i møteinnkallingar til formannskapet og andre politiske organ. Administrasjonen vil prøva å få til dette.

Kommunal VA i Eikedalen

Odd Arne Haga viste til avtale mellom Kvam herad og Samnanger kommune om VA i Eikedalen, og spurde om når husstandar/hytter nedover i Eikedalen vil kunne kopla seg på anlegget. Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge og ordfører Knut Harald Frøland (Bl) orienterte kort om saka. Det vil kunne bli gitt meir utfyllande orientering på eit seinare møte. Intensjonen er at kommunal VA skal byggjast heilt ned mot Fossen Bratte.

FORM- 009/2018 Vedtak:

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.

Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 010/2018: Premissar for økonomiplan 2019-2022 og årsbudsjett 2019

12.04.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Saka vart innleia med orienteringar frå leiar i kontrollutvalet Brigte Olav Gåsdaal (Ap) og kyrkjeverje Britt Haukanes.

Brigte Olav Gåsdaal peika på at det er viktig å avklara kva rutinar kommunen skal ha for utarbeiding av budsjettforslag for kontroll og tilsyn, spesielt kva som skal vera utgangspunktet for budsjettframlegget (eksempel kan vera gjeldande budsjett for inneverande år, eller rådmannen sitt budsjettframlegg for inneverande år). Han viste også til kommunestyret sitt budsjettvedtak om å auka møtegodtgjersla for folkevalde i 2018, og sa at dette i realiteten har redusert kontrollutvalet sitt økonomiske "handlingsrom" i 2018.

Britt Haukanes delte ut eit dokument ("Trong for vedlikehald og investeringar pr. april 2018"). Dokumentet ligg som vedlegg til møteprotokollen. Ho peika spesielt på at kyrkja ønskjer seg ein fast årleg vedlikehaldspott, slik dei har bedt om i fleire år. Det skal i løpet av april vera eit møte mellom kyrkjekontoret og eining for teknisk drift, for å sjå på moglegheiter for samarbeid om vedlikehald. Ordførar Knut Harald Frøland spurde om kyrkja som eiga juridisk eining har moglegheit til å ta opp lån sjølv, for å få gjennomført større tiltak. Britt Haukanes orienterte om at dette vil vera mogleg på visse vilkår, men at kommunen i så fall må garantera for lånet. Ho viste her til eksempel frå Os. Årsmelding for 2017 for kyrkja vart òg delt ut.

Rådmann Charlotte Hageberg presenterte ei oppsummering frå kvalitetsdialogen 11.04.2018, fordelt på dei ulike sektorane. Oppsummeringa ligg som vedlegg til møteprotokollen.

Det var ein diskusjon om måten kvalitetsdialogen 11.04.2018 var lagt opp på. Tilbakemeldingane var i hovudsak positive, men det kom nokre forslag til endringar/justeringar ved eventuelle framtidige kvalitetsdialogar.

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) viste til e-post frå Vagleik Tysseland i Samnanger idrettslag, om behov for kommunalt tilskot (180.000 kroner) til delfinansiering ny trakkemaskin i Totræna. Totalkostnaden for trakkemaskina vil vera ca. 900.000 kroner. Kopi av e-posten frå Vagleik Tysseland ligg som vedlegg til møteprotokollen. Dersom det skal gjevast kommunalt tilskot, må det takast stilling til korleis dette i praksis skal gjerast, for eksempel om det skal gjevast tilskot via kulturbudsjettet.

Etter vidare debatt i møtet vart medlemmene i formannskapet samde om følgjande premissar til budsjettet for 2019:

Det skal løyvast ein øymerka fast årleg sum til kyrkja til vedlikehald, eventuelt med årleg indeksjustering. Storleiken på summen må avklarast i formannskapet sitt mai-møte. Det må òg sjåast på om kyrkja sjølv bør ta opp lån for å få gjennomført investeringar som ikkje kan finansierast gjennom det ordinære budsjettet. Kommunen må i så fall garantera for slikt lån.

Kontrollutvalet skal gjennomføra minst ein forvaltningskontroll pr. år. Det skal løyvast ein fast årleg sum til kontroll og tilsyn, eventuelt med årleg indeksjustering. Storleiken på summen må avklarast i formannskapet sitt mai-møte, mellom anna på grunnlag av innspel frå kontrollutvalet.

Kommunen vil gje tilskot til Samnanger idrettslag til kjøp av ny trakkemaskin i Totræna, jamfør brev frå idrettslaget v/Vagleik Tysseland.

Det skal i 2019-budsjettet vera ei avsetjing på 6 millionar kroner til disposisjonsfondet, i tillegg til eit resultatkrav på 2%.

Desse premissane vart samrøystes vedtekne.

FORM- 010/2018 Vedtak:

Det skal løyvast ein øyremarka fast årleg sum til kyrkja til vedlikehald, eventuelt med årleg indeksjustering. Storleiken på summen må avklarast i formannskapet sitt mai-møte. Det må òg sjåast på om kyrkja sjølv bør ta opp lån for å få gjennomført investeringar som ikkje kan finansierast gjennom det ordinære budsjettet. Kommunen må i så fall garantera for slikt lån.

Kontrollutvalet skal gjennomføra minst ein forvaltningskontroll pr. år. Det skal løyvast ein fast årleg sum til kontroll og tilsyn, eventuelt med årleg indeksjustering. Storleiken på summen må avklarast i formannskapet sitt mai-møte, mellom anna på grunnlag av innspel frå kontrollutvalet.

Kommunen vil gje tilskot til Samnanger idrettslag til kjøp av ny trakkemaskin i Totræna, jamfør brev frå idrettslaget v/Vigleik Tyssealand.

Det skal i 2019-budsjettet vera ei avsetjing på 6 millionar kroner til disposisjonsfondet, i tillegg til eit resultatkrav på 2%.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

SAKNR. 011/2018: Streaming av formannskapet sine møte

12.04.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Øyvind Strømmen (Mdg), Knut Harald Frøland (Bl) og Øyvind Røen (Sp) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

"Saka vert oversendt til kommunestyret utan tilråding. Før kommunestyret si handsaming må administrasjonen sjå på om det vil vera mogleg å streama formannskapsmøta utan at møta må gjennomførast med bruk av talarstol. "

Inge Aasgaard (Krf) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

"Møta i formannskapet vert ikkje streama."

Det vart røysta over dei to framlegga. Framlegget til Øyvind Strømmen, Knut Harald Frøland og Øyvind Røen fekk 6 røyster og vart vedteke. Inge Aasgaard sitt framlegg fekk 3 røyster.

For Øyvind Strømmen, Knut Harald Frøland og Øyvind Røen sitt framlegg	For Inge Aasgaard sitt framlegg
Øyvind Strømmen (Mdg)	Inge Aasgaard (Krf)
Knut Harald Frøland (Bl)	Arild Røen (H)
Øyvind Røen (Sp)	Olaug Øystese (A)
Odd Arne Haga (Frp)	
Lena Tveit (Bl)	
Monica Tjønnå (Sp)	

FORM- 011/2018 Vedtak:

Saka vert oversendt til kommunestyret utan tilråding. Før kommunestyret si handsaming må administrasjonen sjå på om det vil vera mogleg å streama formannskapsmøta utan at møta må gjennomførast med bruk av talarstol.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

SAKNR. 012/2018: Søknad om etablering og drift av offentleg toalett i Landhandleriet på Ytre-Tysse**12.04.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om at han har vore i kontakt med Tysse Landhandleri med spørsmål om det vil vera mogleg å få etablert dusj i tillegg til toalett.

Det var semje om å stryka ordet "offentleg" i framlegget til vedtak. Med denne endringa vart rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke.

Etter røystinga bad Inge Aasgaard (Krf) om ny handsaming av saka, fordi han stilte spørsmål om kva konsekvensar det kunne få at ordet "offentleg" var teke vekk i vedtaksteksten. Det vart røysta over om saka skulle handsamast på nytt. 5 medlemmer røysta for at saka skulle handsamast på nytt og 4 for at saka ikkje skulle handsamast på nytt:

For at saka skal handsamast på nytt	Imot at saka skal handsamast på nytt
Inge Aasgaard (Krf)	Knut Harald Frøland (Bl)
Olaug Øystese (Ap)	Øyvind Røen (Sp)
Øyvind Strømmen (Mdg)	Odd Arne Haga (Frp)
Lena Tveit (Bl)	Arild Røen (H)
Monica Tjønnna (Sp)	

Saka vart så teke opp til ny handsaming. Det vart der røysta over rådmannen sitt opprinnelege framlegg, som vart samrøystes vedteke.

FORM- 012/2018 Vedtak:

Tysse Landhandleri får 50% av inntil 150.000 kroner i tilskot frå det kommunale næringsfondet til etablering av offentleg toalett i lokala til Samnanger Eigedom. Det vert ikkje gjeve årleg driftstilskot til drift av toalettet.

Summen vert finansiert med bruk av næringsfondet og utgiftsført på 14700.1400.3251.

Utbetaling av stønaden skal skje med halvparten av summen ved oppstart. Den resterande summen vert utbetalt når det vert framlagt dokumentasjon for utgiftene og toalettet er i drift.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tysse Landhandleri får 50% av inntil 150.000 kroner i tilskot frå det kommunale næringsfondet til etablering av offentleg toalett i lokala til Samnanger Eigedom. Det vert ikkje gjeve årleg driftstilskot til drift av toalettet.

Summen vert finansiert med bruk av næringsfondet og utgiftsført på 14700.1400.3251.

Utbetaling av stønaden skal skje med halvparten av summen ved oppstart. Den resterande summen vert utbetalt når det vert framlagt dokumentasjon for utgiftene og toalettet er i drift.

SAKNR. 013/2018: Oppstart av arbeid med kommunal planstrategi for Samnanger kommune 2018-21**12.04.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Øyvind Strømmen (Mdg) spurde om sak om oppstart av arbeidet med kommunal strategi skal handsamast i kommunestyret. Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om at administrasjonen ikkje har lagt opp til dette, men at formannskapet sjølv sagt kan velja å leggja saka fram for kommunestyret.

Øyvind Strømmen foreslo at kommunestyret handsamar saka, og at formannskapet gir innstilling til kommunestyret. Formannskapet slutta seg til dette.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM- 013/2018 Vedtak:

Samnanger kommune startar opp arbeidet med kommunal planstrategi for 2018 – 2021.

Formannskapet vert styringsgruppe og leiarforum vert arbeidsgruppe. Planleggjar vert ansvarleg for planarbeidet.

Endeleg planstrategi skal handsamast av kommunestyret i november 2018.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune startar opp arbeidet med kommunal planstrategi for 2018 – 2021.

Formannskapet vert styringsgruppe og leiarforum vert arbeidsgruppe. Planleggjar vert ansvarleg for planarbeidet.

Endeleg planstrategi skal handsamast av kommunestyret i november 2018.

SAKNR. 014/2018: Prioritering av søknader - tilskotsordninga for lokale kulturarenaer**12.04.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM- 014/2018 Vedtak:

Samnanger kommune prioriterer søknadar til ordninga Tilskot til lokale kulturarenaer slik:

1. Samnanger bibliotek – kjøp av lokale

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune prioriterer søknadar til ordninga Tilskot til lokale kulturarenaer slik:

1. Samnanger bibliotek – kjøp av lokale

SAKNR. 015/2018: Fordeling av kulturmidlar 2018**12.04.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM- 015/2018 Vedtak:

Kulturmidlane vert fordelt som det går fram av tabellen i saksframlegget.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kulturmidlane vert fordelt som det går fram av tabellen i saksframlegget.

SAKNR. 016/2018: Rapport om breibandstilbodet i Samnanger kommune**12.04.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM- 016/2018 Vedtak:

Formannskapet tek rapporten om breibandsdekning til orientering. Det skal mellom anna på grunnlag av rapporten utarbeidast målsetjingar for breibandstilbodet i kommunen. Dette arbeidet kan gjerast som ein del av arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen. På grunnlag av målsetjingane som vert vedtekne må det utarbeidast strategi/plan for vidare utbygging av breiband i kommunen.

Samnanger kommune må søkja om tilskotsmidlar til breibandsutbygging i NKOM sin søknadsrunde i 2018. Ved behov kan det leigast inn ekstern konsulent for å få utarbeidd søknadsgrunnlag i område det ikkje vart søkt om tilskot til i 2017. Eventuell innleige av ekstern konsulent vert finansiert med omdisponering av inntil 50.000 kroner av midlane som er avsett til tilskot til breibandsutbygging i området Rolvsvåg – Saga.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tek rapporten om breibandsdekning til orientering. Det skal mellom anna på grunnlag av rapporten utarbeidast målsetjingar for breibandstilbodet i kommunen. Dette arbeidet kan gjerast som ein del av arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen. På grunnlag av målsetjingane som vert vedtekne må det utarbeidast strategi/plan for vidare utbygging av breiband i kommunen.

Samnanger kommune må søkja om tilskotsmidlar til breibandsutbygging i NKOM sin søknadsrunde i 2018. Ved behov kan det leigast inn ekstern konsulent for å få utarbeidd søknadsgrunnlag i område det ikkje vart søkt om tilskot til i 2017. Eventuell innleige av ekstern konsulent vert finansiert med omdisponering av inntil 50.000 kroner av midlane som er avsett til tilskot til breibandsutbygging i området Rolvsvåg – Saga.

SAKNR. 017/2018: Vegtilkomst til Économusée Fjordtønna - ny handsaming**12.04.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Arild Røen (H) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

"Samnanger kommune går i dialog med Fjordtønna om kompensasjon for meirutgifter dei er påført som economusee."

Øyvind Røen (Sp) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Arild Røen fram følgjande tillegg til det første framlegget sitt:

"Kompensasjon kr 500.000.-"

Monica Tjønnå (Sp) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

"Etter ekstern rapport frå advokat hos KS vert det fastslått at Samnanger kommune ikkje har juridisk plikt til å betra vegtilkomsten hos Economusée Fjordtønna."

Kommunen vil likevel gje ein kompensasjon på kr. 200.000,- til Fjordtønna."

Pengane vert teke frå disposisjonsfondet."

I røytinga fekk Monica Tjønnå sitt framlegg 5 røyster og Arild Røen sitt framlegg 4 røyster.

For Monica Tjønnå sitt framlegg	For Arild Røen sitt framlegg
Knut Harald Frøland (Bl)	Arild Røen (H)
Øyvind Røen (Sp)	Olaug Øystese (A)
Odd Arne Haga (Frp)	Inge Aasgaard (Krf)
Lena Tveit (Bl)	Øyvind Strømmen (Mdg)
Monica Tjønnå (Sp)	

FORM- 017/2018 Vedtak:

Etter ekstern rapport frå advokat hos KS vert det fastslått at Samnanger kommune ikkje har juridisk plikt til å betra vegtilkomsten hos Economuseé Fjordtønna.

Kommunen vil likevel gje ein kompensasjon på kr. 200.000,- til Fjordtønna.

Pengane vert teke frå disposisjonsfondet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

SAKNR. 018/2018: Krav om lovlegkontroll av formannskapet sitt vedtak i sak 008/18**12.04.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Formannskapet vart samde om følgjande fellesframlegg til vedtak:

"Formannskapet opprettheld vedtaket sitt av 22.02.2018 i sak 008/2018. Det innkomne kravet om lovlegkontroll vert sendt til fylkesmannen for handsaming."

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FORM- 018/2018 Vedtak:

Formannskapet opprettheld vedtaket sitt av 22.02.2018 i sak 008/2018. Det innkomne kravet om lovlegkontroll vert sendt til fylkesmannen for handsaming.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.